

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



# BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR HALLINGDAL

PROSJEKTRAPPORT JANUAR 2006

FLÅ



NES



GOL



HEMSEDAL



ÅL



HOL



## FORORD

Bustadslause og uteliggjarar er ikkje det ein forbind med Hallingdal. Likevel veit dei som er knytt til helse- og omsorgsarbeidet i regionen at ikkje alle taklar dette med å bu, det med å skaffe seg ein bustad eller det å halde på bustaden, like godt. Kommunane har etter sosialtenestelova eit ansvar for desse personane og hushalda.

Regjeringa la 18. juni 1998 fram Stortingsmelding nr.49 (1997-1998) Om boligetablering for unge og vanskeligstilte og oppfordra kommunane til å utarbeide lokale handlingsplanar for betre å kunne ivareta behova i kommunane.

Regionrådet for Hallingdal vedtok i 2004 å rá kommunane til å gjennomføre ein felles bustadpolitisk handlingsplan. I vedtaket heiter det mellom anna at Sosialfaglig Forum for Hallingdal har vurder det som rett å lage ein slik plan. Regionrådet peiker og på at med eit interkommunalt samarbeid kan ressursane samordnast samstundes som det kan vera aktuelt å sjå på bustadsamarbeid på tvers av kommunegrensene for spesielle grupper.

*Den bustadsosial handlingsplanen skal vera ein plan for å kunne hjelpe vanskelegstilte husstandar og unge i etableringsfasen, med å etablere seg og behalde bustaden sin, innafor ein heilsakleg bustadpolitikk.*

Eit vilkår var finansiell støtte frå Statens Husbank, og etter søknad frå regionrådet fekk prosjektet tilsegn om midlar til gjennomføring. I slutten av januar 2005 kom prosjektet i gang.

Sigmund Spjelkavik  
prosjektleder  
Januar 2006



## SAMANDRAG

*Regionrådet for Hallingdal gjennomførte i 2005, med støtte frå Husbanken, prosjekter Bustadsosial handlingsplan for Hallingdal. Eit oversyn over vanskelegstilte på bustadmarknaden i dei seks kommunane i Hallingdal, blei utarbeidd på ettermiddagen 2005. Samstundes blei òg dei kommunale bustadressursane kartlagt. Ut frå oversynet over vanskelegstilte, kommunale bustader, ulike verkemiddel frå staten og annan kunnskap mellom anna om kommunane i Hallingdal, har ein gjort framlegg om ulike tiltak for å redusere talet på vanskelegstilte. Rapporten skildrar òg bakgrunnen for prosjektet og innheld et oversyn over ulike sosiogeografiske tilhøve i Hallingdal.*

Kartlegginga av vanskelegstilte på bustadmarknaden i kommunane i Hallingdal, viste at då kartlegginga blei gjennomført, hadde ein 117 husstandar som av ulike grunnar hadde problem med å skaffe eller behalde eit husvære. Dei fleste var mellom 20 og 34 år. To tredjedeler av dei vanskelegstilte var menn. Til saman var det 168 personar med 30 barn under 18 år i desse husstandane.

Dei målgruppene som er sterkest representert i materialet, er dei med psykiske problem, både psykiatriske langtidspasientar og psykisk utviklingshemma, til saman 43 husstandar. Rusmiddelmisbrukarar utgjer òg ei stor gruppe med 16 husstandar.

Nær 60 av husstandane eir einehushald og 32 bur heime hos føresette. Til saman var det òg 21 som vert rekna som bustadlause. Men 22 av dei vanskelegstilte eig bustaden de bur i. Meir enn halvparten har ei inntekt under det som er grensa for bustønad.

For dei aller fleste rår ein til at dei fær ny bustad. Det er fleire årsaker til det, men 31 bur i husvære som ikkje er eigna til å bu i. Til saman rår ein til at 99 husstandar kjem over i ny bustad.

Forslag til tiltak er samla i tre kategoriar:

- Felles tiltak på regionnivå (Hallingdal) eller mellom to eller fleire kommunar.
- Like tiltak i alle eller fleire av kommunane
- Ulike tiltak i dei einskilde kommunane



## INNHOLD

Forord	2
Samandrag	3
Bustadpolitikken i Noreg – nasjonale mål og virkemiddel	5
Sosialtenesteloven og Stortingsmelding nr. 49 (1997-98)	6
Kommunane i Hallingdal	9
Kartlegging av vanskelegstilte i kommunane i Hallingdal	10
Gjennomføring	10
Målgrupper	11
Resultat	13
Kommunale Bustadressursar i Hallingdal: <i>eigen kartlegging</i>	21
Vanskelegstilte i kommunane - drøfting	23
Bustadsosial handlingsplan for Hallingdal – forslag til tiltak	27
Felles tiltak på regionnivå (Hallingdal)	27
Kommunevise tiltak	29

## BUSTADPOLITIKKEN I NOREG – NASJONALE MÅL OG VIRKEMIDDEL

I Stortingsmelding nr. 23 (2003-2004) Om boligpolitikken, slår ein fast at det overordna målet for bustadpolitikken i Noreg er at

*Alle skal kunne bu godt og trygt*

Dette skal ein oppnå ved å

- *Tilrettelegge for ein velfungerande bustadmarknad*
- *Skaffe bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden*
- *Auke talet på miljøvenlege og universelt utforma bustader og bustadområder*

Meldinga fekk tilslutning i Stortinget 14. juni 2004. Stortingsmeldinga om bustadpolitikken var ei direkte oppfølging av vedtak i Stortinget i samband med handsaminga av Stortingsmelding 49 (1997-1998) *Om boligetablering for unge og vanskeligstilte*. Tidlegare var det òg koment med melding med tiltaksplan mot fattigdom. Denne meldinga vart vedteken i Stortinget 13. mai 2003 og hadde som visjon at *"ingen skal leve i fattigdom"*. Arbeid, målretta velferdsordningar og sosial inkludering var dei strategiane ein satsa på. Av dei målretta tiltaka som blei trukke fram var forbetring av Husbankens verkemiddel mellom anna ved å gjennomgå Husbankens regelverk med tanke på å framskaffe bustader til vanskelegstilte.

Eit hovudmål er å motverke at folk blir bustadlause. Mykje av arbeidet for dei vanskelegstilte har vore retta mot dei bustadlause og Husbanken har hatt ansvaret for Prosjekt bostedsløse 2001-2004. Prosjektet var forankra i *Utjamningsmeldinga* St. meld. nr 50 (1998-1999). Erfaringane frå dette prosjektet er nytta i arbeidet vidare.

Brosjyra *På vei til egen bolig* frå Kommunal- og regionaldepartementet våren 2005, beskriv samarbeidsregjeringa Bondevik II sin strategi for å skaffe dei bustadlause bustad. Strategien følger opp St.meld.nr.6 (2002-2003) *Tiltaksplan mot fattigdom* og St.meld.nr. 23 (2003-2004) *Om boligpolitikken*. I dette arbeidet er kommunane ein hovedaktør, men dei statlege aktørane må opptre samordna slik at kommunane får gode forutsetnader for å nå dei nasjonale måla.

<b>Behandla i Stortinget</b>	<b>Melding</b>	<b>Sesjon</b>	<b>Navn</b>
14.06.2004	St meld nr 23	2003-2004	Om boligpolitikken
13.05.2003	St meld nr 6	2002-2003	Tiltaksplan mot fattigdom
14.06.2000	St meld nr 50	1998-1999	Utjamningsmeldinga - Om fordeling av inntekt og levekår i Noreg
04.03.1999	St meld nr 49	1997-1998	Om boligetablering for unge og vanskeligstilte
16.02.1999	St.meld. nr. 8	1998-1999	Om handlingsplan for funksjonshemma
19.06.1997	St meld nr 50	1996-1997	Handlingsplan for eldremosorgen
17.06.1997	St meld nr 25	1996-1997	Åpenhet og helhet Om psykiske lidelser og tjenestetilbudene

## SOSIALTENESTELOVEN OG STORTINGSMELDING NR. 49 (1997-98)

Kommunen sitt ansvar for vanskelegstilte med bustadbehov går fram av Lov om sosiale tenester m.v. (sosialtenesteloven):

### § 3-4. Boliger til vanskeligstilte.

*Sosialtjenesten skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemmning eller av andre årsaker.*

Det ligg ein moglegheit for skjøn i uttrykket *medvirke til og i personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet*, slik at dette ikkje er et absolutt krav til kommunen om at dei **skal skaffe** den vanskelegstilte bustad, men paragrafen vert oppfatta som streng. § 4-5 er klarare og gir sosialtenesta i kommunen eit påbod om å finne midlertidig husvære for den som ikke klarer det sjøl.

### § 4-5. Midlertidig husvære.

*Sosialtjenesten er forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv.*

Regjeringa la 18. juni 1998 fram St.meld.nr. 49 (1997-98) Om boligetablering for unge og vanskeligstilte, og oppfordra kommunane til å utarbeide lokale handlingsplanar for betre å kunne ivareta behova i kommunane. Per 31.12.2004 hadde 225 kommunar vedteke å gjennomføre bustadsosiale handlingsplanar og 170 kommunar hadde på same tidspunkt fullført arbeidet med planane<sup>2</sup>. Hausten 2005 er det fortsatt kommunar som søker om midlar til å lage bustadsosiale handlingsplanar.

Stortingsmeldinga blei behandla i kommunalkomiteen som 18. februar 1999 avgå Innst. S. nr. 100. Innstillinga blei debattert i Stortinget 4. mars same år og vedteken same dag. Meldingen peikar på store regionale ulikheiter som ein i dag ikkje har god nok oversikt over.

## EIT GODT STYRINGSREIDSKAP

Ved å kartlegge dei samla bustadbehova og vurdere verkemidlene, vil kommunen få eit grunnlag for å meisle ut strategier og tiltak for bustadpolitikken. Betre oversikt og styring kan slå positivt ut på kommunebudsjettet, mellom anna ved at statlige verkemiddel kan nyttas betre.

Målet med ein bustadsosial handlingsplan er å gi:

- *auka kunnskap om bustadbehovet i kommunen*
- *auka kunnskap om statlege verkemiddel*
- *ein mer samkjørt bustadpolitikk mellom sektorane*
- *betre utnytting av dei kommunale bustadane*
- *ein meir målretta og effektiv bruk av verkemiddel*
- *større effektivitet ved å samordne ressursane*

Gjennom planarbeidet skal kommunen få eit godt styringsreidskap - planen skal føre til handling og utvikling, og ikkje minst til kompetanseheving.

<sup>1)</sup> På vei til egen bolig. Brosyre H-2161 (04.05.2005) fra Kommunal- og regionaldepartementet

## BREI MEDVERKING I KOMMUNEN

Mange av kommunane har definert den bustadsosial handlingsplanen som ein *kommunedelplan*. Ved å definere planen som ein kommunedelplan legg ein sterke juridiske bindingar og planen vert meir forpliktande for kommunane. Styringsgruppa har valgt å kalle den bustadsosial handlingsplanen for Hallingdal for ein temaplan. Ein vedteken temaplan gjev òg føringar for planlegging og sakshandsaming av saksområde i temaplanen.

## VARIERANDE OMFANG


Planane og arbeidet som krevst for å utvikle dei, vil variere avhengig av storleiken på kommunen og i kor stor grad kommunen har oversikt over bustadbehova.

Fire forhold vil vere avgjeraende for at planen fører til handling:

- *Høg politisk og administrativ forankring i kommunen*
- *Tverrsektorelt samarbeid*
- *Brei medvirkning i utarbeidninga av planen.*
- *Samordning med øvrige planar i kommunen, eventuelt å definere planen som kommunedelplan.*

## GJENNOMFØRINGA AV PROSJEKTET

I januar 2005 blei Sigmund Spjelkavik engasjert som prosjektleiar fra 17. januar 2005 og fekk arbeidsplass og arbeidstaktilhørigheit i Ål kommune. Prosjektet Bustadsosial handlingsplan for Hallingdal er organisert som eit vanleg prosjekt med prosjektleiar, prosjektgruppe og styringsgruppe. Prosjeakteigar er Regionrådet for Hallingdal.



Prosjektgruppa har vore samansett av Bjørn Skjelseth fra Gol, Geir Olav Garthus fra Nes og Johannes Henrik Myrmel fra Hemsedal i tillegg til prosjektleiar. Referansegruppe blei ikkje utpeik/oppnevnt, men Torill Eriksen (Hol kommune), Kolbjørn Ødegård (Flå kommune) og Margit Solveig Thon (Ål kommune) utgjør ei kontaktgruppe frå de kommunene som ikkje er representert i prosjektgruppa og har møtt på fleire av møtane i prosjektet og har i tillegg organisert innsamling av data over vanskelegstilte i dei respektive kommunane.

Rådmannsutvalet i Hallingdal har vore styringsgruppe for prosjektet.

Prosjektgruppa har hatt 12 møte. I tillegg har prosjektlearen hatt møtar i dei enkelte kommunane i forbindelse med både kartlegging av vanskelegstilte og kartlegging av bustadressursane i kommunane. I april deltok ti stykker frå Hallingdalskommunane saman med prosjektleiar, på eit prosjekt-seminar som Husbanken arrangerte i Drammen. Seminaret erstattet delvis ein oppstartskonferanse som opprinneleg var planlagt i oktober 2004. På grunn av tidspunkt for ansettelse av prosjektleiar, men òg fordi Hallingdalskommunene i regi av Sosialfaglig Fellesforum i september 2001 hadde eit større møte om Husbankens tilskotsordningar og bustadsosiale handlingsplanar, blei oppstartskonferansen ikkje arrangert.

Ein ”idédugnad” blei arrangert 19. mai med innleiarar frå Husbanken. Her deltok 20 personar frå kommunane i Hallingdal.

## FINANSIERING

Husbanken har gitt tilsegn om kr. 480 000,- i støtte til prosjektet. Dette dekker dei direkte utgiftane til prosjektleiar og møte. I tillegg deltar personale fra kommunane i Hallingdal i datainnsamling og i prosjektmøte. Kontorutgifter og eigeninnsats er berekna til kr. 400 000,-.

## MANDAT

vedteken av Regionrådet i møte 7. juli 2004:

- *Gje ein beskrivelse og vurdering av generelle befolknings- og bustadforhold i kommunane*
- *Utarbeide ein oversikt over behovet for ulike typar bustader og andre bustadtiltak til vanskeligstilte grupper i bustadmarknaden*
- *Vurdere utarbeidinga av planen i samanheng med andre kommunale planer*
- *Kartlegge den kommunale bustadmassen og vurdere utnyttinga av denne*
- *Gjennomgå og vurdere kommunane sin bruk av låne- og tilskuddsordningar*
- *Gjennomgå og vurdere kommunane si organisering av bustadoppgåvene*
- *Definere målsettingar for utvikling av det sosiale bustadarbeidet*
- *Definera standarer for dei tiltak som foreslå iverksatt*
- *Laga ein samla plan for å framskaffe av bustader og behov for buoppfølging til vanskeligstilte på bustadmarknaden. Dette fører m.a. til å vurdere mogelegheiter for ombygging, kjøp, sal og endra disponering av den kommunale bustadmassen, og foreslå eventuelle nybygg*
- *Vurdere samarbeid på tvers av kommunegrenser for definerte samarbeidsoppgåver*
- *Legge til grunn eit langtidsperspektiv, tilrettelegge planen for rullering og ansvarspllassere oppfølginga av planen.*

## BAKGRUNNSMATERIALE

Rapporten/handlingsplanen byggjer på grunnlagsdata henta inn frå fleire kjelder. Desse kan delast i to:

*Data samla inn for og av prosjektet:*

- *Vanskelegstilte på bustadmarknaden i kommunane i Hallingdal*
- *Bustadressursar i kommunane i Hallingdal*

*Data henta frå opne offisielle kjelder tilgjengeleg over internett:*

- *Statistisk sentralbyrå (SSB)*
- *Kommunale og fylkeskommunale planar*

## FÖRINGER FOR HANDLINGSPLANEN

Statlege føringar og ”bakteppe” for handlingsplanen er mellom anna dei stortingsmeldingane som er nevnt tidlegare. I tillegg kjem stortingsmeldingar om arbeidet til Husbanken og føringar som kvart år kjem i statsbudsjetta.


Kommunale føringar finn ein i planar som er vedteke tidlegare og som framleis gjeld Kva for sektorplanar, delplanar eller temoplanar som finnast i dei enkelte kommunane i Hallingdal varierar. Men handlingsplanar knytta til rusmisbrukarar, opptrappingsplanar for psykisk helse, utbyggingsplanar for omsorgsbustader, planar for eldreomsorgen og eventuelt andre grupper som kommunene har ansvar for etter sosialtjenesteloven eller loven om helsetjenesten i kommunene, gjev føringar der desse finst.

## KOMMUNANE I HALLINGDAL

Til Hallingdal reknar ein dei seks kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol i Buskerud fylke.

Til saman var det vel 20 tusen innbyggjarar i Hallingdal i begynnelsen av 2005. Det der ut til at innbyggjartale vil halde seg på rundt 20 tusen i tida framover talet (sjå kapittelet om endringane i folketalet fram til 2020).

Næringslivet i Hallingdal er viktig. Regionrådet for Hallingdal skriv at Hallingdal er frå gammalt av eit jordbruksområde og peiker på at Bergensbana, kraftutbygging og turistnæringa har vore tre store lyft for dalen. Fortsatt veks turistnæringa og i fleire av kommunane ligg det føre planar for utviding av aktiviteten.



# KARTLEGGING AV VANSKELEGSTILTE I KOMMUNANE I HALLINGDAL

For å få eit oversyn over talet på husstandar som kjem inn under ein handlingsplan for vanskelegstilte på bustadmarknaden i Hallingdal, har ein i samband med prosjektet gjennomført ei kartlegging av desse husstandane. Kriteria for å bli omfatta av kartlegginga er nevnt i neste kapittel og metoden var i si tid utarbeid av Husbanken i samarbeid med Byggforsk<sup>2)</sup>.

Før kartlegginga blei gjennomført, hadde prosjektleiar møte med aktuelle personar i hjelpeapparatet i dei enskilde kommunane. På desse møtane gjekk ein gjennom registreringsskjemaet og rettleiinga frå Husbanken. Målet var å få ei heilheitleg og samanliknbar kartlegging i dei seks kommunane i Hallingdal.

## GJENNOMFØRING

Kartlegginga i Hallingdalskommunane blei gjennomført i mars/april 2005 etter metode og opplegg som Husbanken har utarbeidd i si rettleiing for arbeidet med bustadsosiale handlingsplanar. Registreringsskjemaet frå Husbanken blei nytta under kartlegginga (sjå vedlegga).

Kartlegginga blei ikkje gjennomført som ei intervjuundersøking eller med spørreskjema eller liknande til dei det gjaldt, men som ei registrering/ oppteljing av dei som dei siste 6 månadene før kartleggingstidspunktet hadde vore i kontakt med hjelpeapparatet i kommunen med større eller mindre problem knytta til det å bu.

I tillegg til at husstanden hadde vore i kontakt med kommunen i den aktuelle 6 månaders perioden (oktober 2004 – mars 2005), er det hushald med utilfredsstillande butilhøve som er kartlagde og minst eitt av følgjande kriteria må vera oppfylt:

- *Husstanden er utan eigd eller leigd bustad (bur mellombels hjå familie eller venner, har institusjonsliknande bustad som tilsynsheim, fengsel, sjukehus eller rusinstitusjon)*
- *Husstanden har eit leidgetilhøve som er i fare for på ta slutt (leigeavtale på 0 – 12 mnd., usikkert om forlenging)*
- *Husstanden har ein openert ueigna bustad. (Mangler bad/WC, helsefarleg med t.d. mygl, råte, manglande isolasjon, støy, barnefarleg, manglande tilgjenge som fører til isolasjon, ikkje tilpassa funksjonshemma i husstanden, urimeleg høge buutgifter i høve behov og marknad)*
- *Husstanden har store hjelpe- og oppfølgingsbehov som krev annan bustad eller særleg oppfølging for å bli buande i noverande bustad.*

Kartlegginga blei gjennomført av dei som sit nærmast dei det gjeld og som har kjennskap til og kunnskap om husstandane som har problem; husstandar som kan reknast som vanskelegstilte på bustadmarknaden.

<sup>2)</sup> Sjå Husbanken sin informasjon om bustadsosiale handlingsplanar: "Husbanken har i samarbeid med Byggforsk videreutviklet og tilpasset en metode for kartlegging av vanskeligstilte på boligmarkedet. Metoden er utviklet i Oslo kommune i forbindelse med kommunens arbeid med bydelsvise boligprogram."

Ein personkode blei nytta av dei som kartla for å unngå dobbeltregistrering. Problem med dobbeltregistrering kan oppstå der ein innbyggjar tek kontakt med fleire kontor i hjelpeapparatet. Personkoden blei erstatta av eit løpenummer og koblinga mellom personkode og løpenummer blei broten etter at registreringane var kontrollert for dobbeltregistreingar. Prosjektleiarene som har handsama registreringane, har elles ingen forbindelse eller kjennskap til personane bak løpenumra.

Resultata frå kartlegginga blei lagt inn i eit rekneark (Excel) som Husbanken hadde utarbeidd og som laga samandrag og ferdige tabellar. Mange av tabellane er brukt anten direkte eller som grunnlag for diagram brukt i rapporten. Dette gjer at tabellar og diagram brukt i dei bustadsosiale handlingsplanene rundt om i landet ser like ut.

I tråd med tilrådinga frå Husbanken, blei det sendt melding om datainnsamlinga til Datatilsynet<sup>3)</sup>

## MÅLGRUPPER

Dei vanskelegstilte på bustadmarknaden er i denne kartlegginga delt opp i ni målgrupper. Desse er gjengitt under i tabellen frå Husbanken. Unnateke gruppa ”andre funksjonshemminger”, er dette den same inndelinga som i dag vert brukt i KOSTRA-rapporteringa<sup>4</sup> frå kommunane.

Målgruppe	Definisjon/presisering/eksempler
Økonomisk vanskeligstilt	Økonomi er hovedårsaken til boligproblemet.
Bevegelseshemmet / fysisk funksjonshemmet	Personer som på grunn av bevegelseshemmning/ fysisk funksjonshemmning må ha fysiske tilretteleggingar for å fungere i bosisuasjonen.
1. gangs etablert flyktning	Personer som har fått opphold på humanitært eller politisk grunnlag som kommunen har tatt i mot
2. gangs etablert flyktning	Personer som har fått opphold på humanitært eller politisk grunnlag som har flyttet til kommunen på eget initiativ.
Psykisk utviklingshemmet	
Person med psykisk lidelse	Person med langvarig psykisk lidelse (har diagnose fra lege eller har vært i kontakt med behandlingsapparatet i to år eller mer).
Rusmiddelmisbruker	Har vært i kontakt med behandlingsapparatet for sitt rusproblem eller har et erkjent rusproblem, som gjør det vanskelig å etablere/ opprettholde et stabilt forhold på det ordinære boligmarkedet.
Sosialt vanskeligstilt	Personer som ikke naturlig hører inn under kategoriene over, men som har boligproblemer. Kan være for eksempel personer som diskrimineres på boligmarkedet på grunn av adferd eller utseende.
Andre funksjonshemminger	Andre funksjonshemmde som ikke naturlig hører inn under kategoriene bevegelseshemmet/fysisk funksjonshemmet, psykisk utviklingshemmet eller psykiatrisk langtidspasient (for eksempel aldersdemente, autister etc.).

<sup>3)</sup> Melding nummer 21921, 18. februar 2005

<sup>4)</sup> Sjå mellom anna Tabell 04695 N. Bolig - nivå 3 (K) (1999-2004) i KOSTRA sine grunnlagsdata i Statistikkbanken

Husstandane som blei rekna med i denne registrering/oppteljing har vore i kontakt med ein av kommunane i Hallingdal for å få hjelp med bustaden på eit eller anna vis. Ein har med andre ord ikkje kartlagt alle rusmiddelmisbrukarane i Hallingdal, alle flyktningane i Hallingdal eller alle sosialt vanskelegstilte husstandar i Hallingdal, og, kan hende, har ein ikkje fått med alle som skulle ha vore med i dette oversynet.


Opplysningar som kjønn, alder, målgruppe osb., er knytt til den personen i husstanden som anten er hovudforsørger eller er grunnen til at ein treng hjelp med bustaden.




## RESULTAT

### GENERELT

Til saman 117 husstandar blei kartlagt som vanskelegstilte i Hallingdal. Figuren syner kor mange vanskelegstilte ein finn i kvar kommune i Hallingdal. Til saman var det 168 personar med 30 barn under 18 år i desse husstandane.



Talet på vanskelegstilte varierar naturleg nok mellom kommunane, men variasjonen er noko mindre om ein justerer for folketal. Då ser ein at Flå kommune har den høgaste delen av vanskelegstilte medan Hol har den lågaste delen per 1000 innbyggjarar. For heile Hallingdal utgjer 117 vanskelegstilte 5,8 vanskelegstilte husstandar per 1000 innbyggjarar.



Det finst ingen landsomfattande oppsummering av funna i dei kommunana som har gjennomført liknande kartlegging, men ser ein på nokre av dei ferdig bustasosial handlingsplanane, ligg typiske tal mellom 5 og 15 vanskelegstilte husstandar per 1000 innbyggjarar. I enkelte rapportar ser ein at talet 10 er brukt som eit gjennomsnitstal for heile landet<sup>5</sup>.


<sup>5)</sup> Åmli kommune: Bustadpolitisk handlingsplan, side 14

79 menn og 38 kvinner var hovudforsørger eller var grunnen til at ein trong hjelp med å bu og som derfor kom med i kartlegginga. Dei fleste var mellom 20 og 35 år. Det var flest einslege menn, men òg fleire einslege kvinner blant husstandane. Til saman er det 59 einehushald blant dei vanskelegstilte.

## Vanskelegstilte husstandar i Hallingdal


fordelt på kjønn og aldersgrupper

n=117



## Vanskelegstilte fordelt på husstandstypar Hallingdal

n=117




Mellom dei vanskelegstilte på bustadmarknaden er det nokre som berre har sosialhjelp å klare seg for og nær halvparten har inntekter under grensa for bustønad. Berre 14 har inntekt over grensa for butilskot.

Kartlegginga registrerte òg butid i kommunen, og her ser ein at ei aller fleste av dei vanskelegstilte har budd i kommunen i enn fem år eller meir. Skjemaet som blei brukt under kartlegginga gjev ikkje svar på om dei som ikkje er flytta til kommunen eller om dei som berre har budd i kommunen under eit år, kjem frå andre Hallingdalskommunar.


### Økonomisk situasjon for dei vanskelegstilte

n=117



### Talet på vanskelegstilte husstandar etter butid i kommunane

n=117




Kartlegginga som blei avslutta i april 2005, syner ingen rusmiddelmisbrukarar med bustadproblem og barn. Vidare ser ein at det var fire einslege mødre med til saman 6 born i materialet; ingen einslege fedre.


#### MÅLGRUPPENE

Dei målgruppene som er sterkest representert i materialet, er dei med psykiske problem, både psykiatriske langtidspasientar og psykisk utviklingshemma, til saman 43 husstandar. Rusmiddelmisbrukarar utgjer òg ei stor gruppe med 16 husstandar.

**Vanskelegstilte fordelt på målgrupper**  
n=117



**Vanskelegstilte husstandar i Hallingdal fordelt på målgrupper**  
n=117




I alt blei 56 husstandar kartlagt med eit sekundært kjennetekn for husstanden. Nokre av husstandane i dei andre målgruppene har rusmiddelmisbruk som eit andre kjennetekn. Til saman gjeld det 21 husstandar kor rus er eit problem. For 7 av husstandane finn ein psykiatriske langtidspasientar med rusproblem. Kan hende er det rett å nytte omgrepet dobbeltdiagnose for desse. Ut frå kartlegginga ser det ikkje ut til at ein finn kombinasjonen vanskelegstilte husstandar med rusproblem og barn.

#### BUSTADTILHØVE

Det er 21 bustadslause i materialet frå kartlegginga. Det utgjer ein femtedel av dei vanskelegstilte og dei bur anten privat, 13 stykker, eller mellombels i institusjon, 8 stykker. Mange eig òg sin eigen bustad.

### Bustadsituasjonen for dei vanskelegstilte husstandane

n=114




Den største gruppen er dei som bur hos føresette. I denne gruppa finn ein fleire yngre vanskelegstilte med ulike funksjonshemmingar. Desse vil ha behov for ny bustad når dei føresette vert eldre eller fell frå.

#### Vanskelegstilte som bur hos føresette


fordelt på aldersgrupper

n=32



I det føreliggande materialet ser ein at 31 husstandar har ein bolig som av ymse grunnar, mange av bygningsmessig karakter, er ueigna. Nokre manglar eigne bad eller WC, andre har dårleg standard eller tilstand slik at det kan være forbundet med helsefare å bu der. Fem bustader er for små for den aktuelle husstanden; dette gjelder også nokre i kommunale bustader.


### Husstandar med ueigna bustad i Hallingdal n=31



Ut frå ei vurdering av bistand- og oppfølgingsbehov og av buevna til dei vanskelegstilte, treng 50 husstandar ny bustad.

### Husstandar som treng annan bustad


pga. bistands- eller oppfølgingsbehov eller som kan miste bustaden av same grunn  
n=50



Samla sett har dei som har gjennomført kartlegginga av dei vanskelegstilte på bustadmarknaden i Hallingdal, rådd til at 99 av husstandane får nye bustader medan 18 husstandar kan bu der dei bur med tilpassing og ulike hjelpetiltak i bustaden. Figuren syner korleis desse fordeler seg på dei ulike målgruppene.


## Talet på husstandar etter målgruppe og tilrådd ny bustad

n=117




For dei som fortsatt kan bu der dei bur, kan det vere frå enkle tiltak som hjelp til å få fornøya kontrakten, oppfølging frå tjenesteapparatet til tilpassing av bustaden til fysisk funksjonshemma som trengst. Av dei som treng ny bustad, er det fleire som kan bu i ein ordinær bustad, men mange treng oppfølging i ordinær bustad. For dei andre, 43 husstandar, rår ei til at dei får bustad i eit samlokalisert tilbod.


### Hjelpetiltak i eksisterande bustader



### Tilrådde tiltak for dei som treng ny bustad

n=99





Til saman var det 33 husstandar som ikkje trong oppfølging frå tenesteapparatet, dei andre trong tilsyn frå ein gong i veka til praktisk hjelp heile tida.

## KOMMUNALE BUSTADRESSURSAR I HALLINGDAL: *EIGEN KARTLEGGING*


Som ein lekk i kartlegginga av dei kommunale ressursane, blei den einskilde kommunen bedt om å gje ein oversikt over kor mange bustader dei disponerte, kven som disponerte dei (tildelingsinstans) og om dei var berekna for særskilde målgrupper. Det blei kartlagt til saman 523 bustader. Desse fordelte seg på ulike kategoriar der dei fleste bustadene var omsorgsbustader. Kategoriane er ikkje dei same i alle kommunane (jamfør tabellen nederst på sida), men ein har prøvd å identifisera dei bustadene som er tilgjengelege for dei målgruppene som handlingsplanen tar sikte på å hjelpe og dei bustadene som brukes anten til eigne ansatte eller som leiges ut på vanlege vilkår. Dei følgjande to tabellane og dei seks figurane syner kor mange bustader kvar kommune disponerer og korleis kommunane har disponert desse.

<b>Kommune</b>	Tal på bustader som kommunen rår over (KOSTRA-tal i parentes)	Kommunale bustader per 1000 innbyggjarar
<b>Flå</b>	43 (42)	42,4
<b>Nes</b>	87 (83)	23,8
<b>Gol</b>	105 (105)	24,0
<b>Hemsedal</b>	34 (34)	17,8
<b>ÅI</b>	138 (133)	28,5
<b>Hol</b>	116 (116)	24,6
<b>Hallingdal</b>	523 (509)	26,1


**Kommunale bustader i Hallingdal fordelt på ulike kategoriar. Ulik inndeling gjer jamføring mellom kommunane noko vanskeleg**

	<b>Flå</b>	<b>Nes</b>	<b>Gol</b>	<b>Hemse-dal</b>	<b>ÅI</b>	<b>Hol</b>
Omsorgsbustader	15		41		89	69
Trygdebustader			15			
Eldrebustader				12	13	
Andre omsorgs- og trygdebustader	6					
Hjemmebasert omsorg		46				
Barnevern og sosiale tenester		12				
Sos/Flyktn.			14	6		
Tenester for funksjonshemma		15				
HVPU	5		9	4		
Helseteneste		3				
Flyktingebustader	4					11
Ansattebustader	13	11	26	12	36	36
	43	87	105	34	138	116


**Kommunalt disponerte bustader i Flå kommune**  
43 bustader




**Kommunalt disponerte bustader i Nes kommune**  
87 bustader




**Kommunalt disponerte bustader i Gol kommune**  
105 bustader




**Kommunalt disponerte bustader i Hemsedal kommune**, 34 bustader



**Kommunalt disponerte bustader i Ål kommune**  
138 bustader



**Kommunalt disponerte bustader i Hol kommune**  
116 bustader



## VANSKELEGSTILTE I KOMMUNANE - DRØFTING

### LIKSKAP OG FORSKJELLAR

Tala på vanskelegstilte i dei einskilde kommunane ligg frå 8 til 30. For nokre av kommunane er det så få vanskelegstilte at ein ikkje vil presentere kommunevise tabellar av omsyn til dei det gjeld og kravet til anonymitet i rapporten.

Ser ein på aldersfordelinga i kommunane er det fleire eldre i Flå og delvis i Ål kommune medan Gol har ein klar overvekt av yngre vaksne mellom 20 og 35 år. Det kan òg sjå ut som om det er noko fleire yngre vanskelegstilte i Gol, Hemsedal og Hol.

Kommune	< 20 år	20 - 34 år	35 - 66 år	67 år og eldre
Flå			4	4
Nes	3	9	11	
Gol	5	16	9	
Hemsedal	3	3	6	
Ål	7	3	9	6
Hol	5	6	8	

Dei dominerande målgruppene varierte frå kommune til kommune. Blant dei vanskelegstilte i Flå finn ein fleire fysisk funksjonshemma. I Nes og i Ål er det både rusmiddelmisbrukarar og dei sosialt vanskelegstilte som utgjer dei største gruppene, medan Gol skil seg ut med ei stor gruppe av psykiatriske langtidspasientar. Hemsedal og Hol har fleire psykisk utviklingshemma blant dei vanskelegstilte.

Bustadsituasjon varierar òg. I Flå bur alle i eigen bustad medan dei i Nes leiger med kortsiktige avtaler eller er utan bustad og bur privat. I Gol er det òg mange med kortsiktige avtaler samtidig som fleire bur hos føresette. Både i Hemsedal og i Ål er det òg mange som bur hos føresette samstundes som ein i desse kommunane saman med Hol, finn fleire vanskelegstilte i kommunale bustader enn i resten av Hallingdal.

I Hol kommune som i fleire av dei andre kommunane, er det ein stor del av dei vanskelegstilte som bur hos føresette. Dette er i hovudsak vanskelegstilte med psykisk eller anna funksjonshemmning

Det var 31 vanskelegstilte som budde i bustader som ikkje var eigna til å bu i for dei det gjaldt. Flå peiker seg her ut med at alle dei vanskelegstilte bur i uegna bustader. Det er òg manglar med bustaden til 12 av dei vanskelegstilte i Ål. Her er det manglande tilpassing for dei med rørslehemmingar og manglande tilgjenge som gjer desse bustadene uegna.

Til saman var det 50 vanskelegstilte som trøng annan bustad på grunn av bistands- eller oppfølgingsbehov eller som kan miste bustaden av same grunn. Dei fleste av desse bur i Gol og i Hol. I Gol er det psykiatriske langtidspasientar som treng ny bustad.

Av dei 8 uegna bustadene i Flå, kan 5 fortsatt nyttast av dei som bur der med fysisk tilpassing og med oppfølging frå hjelpeapparatet. I Nes rår hjelpeapparatet til at 19 dei vanskelegstilte får ny bustad, dei fleste av desse som ordinære bustader, med og utan oppfølging frå hjelpeapparatet. I Gol trengs det fleire bustader: 25 av 30 bør få ny bustad, men her er dei fleste av dei nye bustaden tilrådd i samlokaliserte einingar med bemanning. I Hemsedal er det òg ordinære nye bustader som blir tilrådd for dei fleste. Det same gjeld for Ål og Hol, men her ynskjer ein fleire samlokaliserte einingar med bemanning.

## DEI EINSKILDE KOMMUNANE

### FLÅ

Til saman blei 8 vanskelegstilte husstandar registrert i Flå kommune. Det utgjer 7,9 husstandar per 1000 innbyggjarar. Dette talet er det høgste i høve til folketalet i Hallingdal og kan vere eit resultat av god oversikt over innbyggjarane i kommunen frå hjelpe- og tenesteapparatet si side.

I dei vanskelegstilte husstandane var det til saman 15 personar og 3 av desse var barn under 18 år. Det var ingen vanskelegstilte under 35 år. Den største målgruppa var fysisk funksjonshemma. Halvparten av dei vanskelegstilte var einslege. Ingen levde berre på sosialhjelp, men fleire hadde inntekter under grensa for bustønad. Alle hadde eigen bustad, men alle bustadene blei vurdert som ueigna for dei det gjaldt. Dei fleste av bustadene hadde dårleg standard eller hadde andre feil og manglar, men mange av desse kunne avhjelpas med fysisk tilpassing i bustaden og oppfølging frå hjelpeapparet. For 3 av dei vanskelegstilte rådde hjelpeapparatet til at dei fekk ny bustad.

### NES

I Nes kommune var talet på vanskelegstilte 23 stykker. Det utgjer 6,6 husstandar per 1000 innbyggjarar. Til saman var det 40 personar og av desse var det 11 barn under 18 år. Flyktningar, rusmiddelmisbrukarar og sosialt vanskelegstilte var om lag like store målgrupper med til saman 15 stykker. Blant dei vanskelegstilte i Nes fann ein fleire yngre enn i Flå. I Nes var 11 under 35 år og 3 stykker mellom 16 og 20 år. Så mange som 7 vanskelegstilte hadde berre sosialhjelp som inntekt medan det i tillegg var 8 stykker som hadde inntekt under grensa for bustønad.

Nesten ingen eig bustaden de bur i. Så mange som 8 bur mellombels hos private eller i institusjon og 10 vanskelegstilte kan miste bustaden eller treng ny bustad pga. bistands- eller oppfølgingsbehov. Dei vanskelegstilte i Nes kommune har budd der lenge, men det blei registrert 2 vanskelegstilte som enno ikkje hadde flytta til kommunen. . For 19 av dei vanskelegstilte rådde hjelpeapparatet til at dei fekk ny bustad, dei fleste med vanlege bustader, men mange med oppfølging frå hjelpeapparatet.

### GOL

Gol kommune hadde 30 vanskelegstilte i kommunen. Det utgjer 6,9 husstandar per 1000 innbyggjarar. Dei aller fleste var einslege slik at talet på personar i husstandane berre var 34. Den største målgruppa var psykiatriske

langtidspasientar med over halvparten av alle dei vanskelegstilte. Gruppene med psykisk utviklingshemma og rusmiddelmisbrukarar var og store.

I Gol finn ein at dei aller fleste av dei vanskelegstilte, 16 stykker, er i alderen 20 til 35 år, medan 5 er yngre og 9 er eldre. 3 stykker eig sin eigen bustad medan 13 leiger bustad, 7 bur hos føresette og 7 er utan bustad. Det er få som reknas som økonomisk vanskelegstilte, men 5 har kun sosialhjelp som inntekt medan 12 stykker har ei inntekt under grensa for bustønad. Bustadene ser ut til å vere høvelege; få er rekna som direkte ueigna, men 19 husstandar kan miste bustaden eller treng anne bustad på grunn av bistands- eller oppfølgingsbehov.

Som i dei andre kommunane i Hallingdal, har dei vanskelegstilte budd i kommunen i lengre tid. Dei som har utført registreringa har konkludert med at 5 av dei vanskelegstilte kan halda fram med å bu der dei bur med høveleg oppfølging og tilpassing, medan heile 25 husstandar treng ny bustad. 17 av desse bør være samlokaliserte bustader med bemanning.

#### HEMSEDAL

I Hemsedal fann ein 12 vanskelegstilte husstandar som i høve til innbygjartalet utgjer 6,3 vanskelegstilte per 1000 innbyggjarar. Det var 5 barn blant det 21 personane i husstandane. Halvparten av dei vanskelegstilte var under 35 år, men ingen over 66 år.

Flyktninger, psykisk utviklingshemma og sosialt vanskelegstilte utgjorde like store målgrupper i Hemsedal. Dei fleste bur i leigde bustader, men en tredjedel bur hos føresette. Desse er spredt på nesten alle målgruppene. Fem stykker hadde inntekter under grensa for bustønad, men mange hadde inntekt over grensa for bustadtinskott. Samla sett rår hjelpeapparatet til at 11 vanskelegstilte får nye bustader.

#### ÅL

I Ål blei det registrert 25 vanskelegstilte husstandar med 27 personar. Det utgjer 5,4 husstandar per 1000 innbyggjarar. Dei aller fleste var einslege. Den største gruppa er dei som er klassifisert som vanskelegstilte med anna funksjonshemming. Elles er det fleire med rusproblem og fleire som reknast som sosialt vanskelegstilte. 7 av dei vanskelegstilte er under 20 år medan 5 er over 80 år. Ein tredjedel bur i eigen bustad og ein tredjedel bur hos føresette.

Ingen er berre avhengig av sosialhjelp, men 4/5-delar har inntekt under grensa for bustønad. Dei fleste har budd i kommunen i 5 år eller meir. Til saman har 12 husstandar ein bustad som ble rekna som ueigna på grunn av dårlig tilstand, trangbuddheit, ikkje tilpassa rørslehemma eller manglar tilgjenge. For 23 av husstandane er tilrådinga nye bustader, 10 av desse i samlokaliserte einingar.

#### HOL

I Hol kommune fann ein 19 vanskelegstilte. Dette er det lågaste talet i høve til innbygjartalet; 4,2 vanskelegstilte per 1000 innbyggjarar. Den største gruppa her er gruppa med fysisk utviklingshemma. Nokre er under 16 år, dei fleste mellom 20 og 35 mens ingen er over 66 år. 13 av dei 19 har budd i Hol i meir enn 5 år.

Fem vanskelegstilte husstandar har inntekt under grensa for bustønad medan 9 stykker ligg over grensa for bustønad, men under grensa for bustadtilskott.

På grunn av trangboddheit og manglande tilgjenge, blei 3 bustader rekna som ueigna. 12 treng ny bustad på grunn av bistands- eller oppfølgingsbehov. Nye bustader er tilrådd for 18 av husstandane og 10 av desse i samlokaliserte einingar.



#### NOTAT OM BOLIGBEHOV FOR BARN OG UNGDOM MED NEDSATT FUNKSJONSNIVÅ, MEN UTEN KLAR DIAGNOSE.

*Det er i dag flere saker i Hallingdal der barn og ungdom har behov for bemannede botilbud. Dette er ofte saker der foreldrene av ulike grunner ikke lenger er i stand til å ta seg av barna. Ofte er det store problemer knyttet til grenser, aggressjon og sosial adferd. Mange av disse har et funksjonsnivå som gjør at de har behov for bistand på lik linje med lettere psykisk utviklingshemmede og andre funksjonshemmede. Men de har ingen diagnose som i seg selv forklarer adferden. Det ser ut til at disse sakene øker i antall. Utan diagnose faller de som regel utenfor de tilbudene som kommunen kan gi til psykisk utviklingshemmede. Dette fører til at det kan bli konflikter mellom de ulike etatene i kommunen om ansvarsfordeling. Dette kan igjen føre til brukeren blir en kasteball i systemet.*

*Hver enkelt kommune i Hallingdal mangler sosialfaglig kompetanse for å gi disse et godt nok tilbud i boligene. Dette rammer både den aktuelle brukeren og personale. Personale opplever ikke å strekke til og ikke ha god nok forståelse til gi et tilbud som utløser brukernes potensiale til bedret fungering på sikt.*

*Jeg mener det i Boligpolitisk handlingsplan bør foreslås at det vurderes regionale boligløsninger for denne gruppen brukere. Et tilbud kan også være aktuelt for voksne brukere med samme problematikk. Gjennom et regionalt tiltak vil en få samlet den sosialfaglige kompetansen på området, og på den måten sikre et kvalitativt bedre tilbud for brukerne. De økonomiske sidene ved en slik regional løsning bør også vurderes.*

Bjørn Skjelseth Sosialsjef Gol

## BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR HALLINGDAL – FORSLAG TIL TILTAK

Bustadsosial handlingsplan for Hallingdal har kartlagd dei vanskelegstilte på bustadmarknaden i dei enkelte kommunane i Hallingdal. Kartlegginga gjev eit bilde av situasjonen akkurat då, og med få vanskelegstilte i enkelte kommunar, kan augeblikksbilete frå ettervinteren 2005 ha endra seg til hausten 2005. Men ein gjennomgang med dei einskilte kommunane i desember 2005, syner at tala på vanskelegstilte er representative sjøl om endringar i kven som er vanskelegstilt førekjem. Noko anna hadde vore uventa.

I materialet som då blei framskaffa har ein anonymisert den enkelte husstanden. Det kjem heller ikkje fram i materialet om til dømes dei vanskelegstilte faktisk får bustønad i dag. Det gjer at dei tiltaka som vert føreslått i handlingsplanen i hovudsak er generelle og ikkje retta mot den enkelte husstanden. I prosjektgruppa har ein heller ikkje diskutert tiltaka som tiltak i enkeltsaker, men som tiltak mot generelle situasjoner og problem som kartlegginga hadde avdekkja og synleggjord. Målet er allikevel at tiltaka skal bli til hjelp for den enkelte husstand og for alle med problem på bustadmarknaden.

Nokre av tiltaka vil vere felles tiltak mellom to eller fleire av kommunane, mange av tiltaka vil vere dei same i fleire om ikkje i alle kommunane og nokre av tiltaka vil berre vere aktuelle i dei einskilde kommunane.

- Felles tiltak på regionnivå (Hallingdal) eller mellom to eller fleire kommunar.
- Like tiltak i alle eller fleire av kommunane
- Ulike tiltak i dei einskilde kommunane

### FELLES TILTAK PÅ REGIONNIVÅ (HALLINGDAL)

Regionen er samansett av seks ulike kommunar med ulik organisering og ulike problem i høve til dei vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kommunane kan ikkje utan vidare overføre dei oppgåvane dei er pålagt i ulike lover og forskrifter, som til dømes sosialtenestelova og lova om kommunehelsetenesten, til regionen eller andre kommunar. Prosjektgruppa har drøfta ulike føreslag om tiltak på regionnivå, men har ikkje kome med framlegg om til dømes felles samlokalisterte bustader for heile Hallingdal eller bruk av ledige bustader i nabokommunane. I enkelte konkrete høve kunne ein nok ha gjeve vanskelegstilte tilbod om bustad ein annan stad i Hallingdal enn der dei bur no, men det bryt med eit underliggjande ønske om å gje brukarane eit tilbod der dei bur.

For enkelte brukarar som treng heilkontinuerlig oppfølging og hjelp utan at dei treng eller skal på ein institusjon, kan ein vurdere om det finst former for samarbeid som kan gjere det mogleg å gje eit godt tilbod til desse. For barn og ungdom med nedsatt funksjonsnivå, men utan klår diagnose, finst det i dag ikkje gode tilbod. Dei det her gjeld kan ha behov for eit bemanna butilbod. Ved eit regionalt samarbeid vil ein kunne bygge opp eit tilbod som er godt både for brukarane og for personalet som skal arbeide der. Denne brukargruppa er nærmare omtala i ramma.

#### TILTAK:

- ETABLERE EIT SAMARBEIDSPROSJEKT MELLOM TO ELLER FLEIRE AV KOMMUNANE FOR Å GJE EIT BEMANNA BUTILBOD TIL BARN OG UNGDOM MED NEDSATT FUNKSJONSNIVÅ

Kompetanseoppbygging hos dei fagsektorane som kjem i kontakt med dei vanskelegstilte i kommunane, kan utan vidare gjennomførast som samarbeidsprosjekt på tvers av kommunegrensene. Eit område som har peika seg ut er styrking av kompetanse innan dei statlege verkemidlane; i hovudsak stønadsordningane frå Husbanken. Ein tilrår derfor at det vert arrangert eit todelt dagsseminar om dei statlege verkemidlane frå Husbanken. Første del om bustønad og bustadtilskot mynta på sakshandsamarar. Andre del om startlån og andre ordningar som kommunane administrerer, mynta på rådmenn, økonomiansvarlege, sakshandsamarar og planleggjarar. Begge bokane bør òg vere opne for politikarar og eventuelt andre interesserte. Seminaret kan arrangeres tidleg i 2006 eller så snart som råd er og med små kostnader. Anten på same seminaret eller som eige tilbod, kan ein òg orientere om Husleigeloven og mogleigheitane kommunane har til å nytte paragrafane i kapittel 11 om særreglar for visse leigeforhald.

**TILTAK:**

- ARRANGERE EIT SEMINAR:
  - OM DEI STATLEGE VERKEMIDLANE FRÅ HUSBANKEN
  - OM HUSLEIGELOVEN

I samband med eller i etterkant av eit felles Husbankseminar om statlege verkemiddel, bør ein vurdere om eit felles bustadkontor for Hallingdal kan løyse nokre av dei problema ein har avdekkja under kartlegginga av vanskelegstilte.

**TILTAK:**

- VURDERE UTGREIINGSPROSJEKT ELLER PROSJEKT SOM KAN GJENNOMFØRAST SOM PILOTPROSJEKT I HALLINGDAL

I januar 2005 innførde Kommunal- og regionaldepartementet ei ny forskrift om kompetansetilskudd frå Husbanken. Målet med forskriften er å heve kompetansen på det bustad- og bygnadspolitiske området og mellom anna bidra til god planlegging og gjennomføring av bustadpolitikken i kommunane. Denne forskriften bør ein gå gjennom med tanke på utgreiingsprosjekt og pilotprosjekt for Hallingdal.

Eit område som er lite utgreia er bruken av burettslag som bustadpolitisk verkemiddel i kommunane i Hallingdal. Eit mogleg felles prosjekt kan vere eit felles interkommunalt bustadbyggelag med kommunale burettslag i kvar kommune. Nesbyen og Omegn BBL kan vere eit alternativ til eit nytt bustadbyggelag. Eit alternativ er å bruke den såkalle "10-prosentsregelen". Gjeldanda burettslagslov gjev stat og kommunane og nokre andre rett til eige meir enn ein part som er den vanlege regelen. Desse "juridiske personane" det her er snakk om, kan til saman eige part eller andelar som gir rett til minst ein bustad og opp til ti prosent av bustadene i burettslag med fem eller fleire andelar.

Utanom kommunane kan det mellom anna vere selskap, stiftingar eller andre som har inngått samarbeidsavtale med stat, fylkeskommune eller kommune om å skaffe bustader til vanskelegstilte. Med andre ord kan private organisasjonar òg nytte denne regelen. Den såkalla bustadmeldinga opna for dette og oppfordrar kommunane til å etablere eit samarbeid med private organisasjonar, selskap, stifting eller andre som har inngått samarbeidsavtale med stat, fylkeskommune eller kommune om å skaffe bustader til vanskelegstilte

#### **TILTAK:**

- **VURDERE BUSTADBYGGEAG FOR HEILE HALLINGDAL**

Oppfølginga av og oversynet over dei vanskelegstilte i kommunane i Hallingdal er ulikt organisert i dei einskilde kommunane og er basert på kjennskapen hjelpeapparatet har til desse gruppene. For å betre oversynet og gje løpende statistikk bør ein vurdere å innføre Bokart i Hallingdal. Bokart er eit elektronisk system for ei kontinuerleg kartlegging av dei vanskelegstilte på bustadmarknaden (sjå vedlegg xx), og dei tiltaka som er gjennomført for desse. Kommunane i Hallingdal har fleire felles løysningar på IT-sida og burde kunne gå saman om Bokart. Vedlikehaldskostnadane for Bokart er i dag kr. 3000,- per år for kvar kommune. Det er uvisst om Hallingdal kan reknast som ein kommune i dette høve. Dersom det er ønskeleg, kan representantar frå Husbanken eller andre informere om Bokart på det planlagte seminaret om ordningane i Husbanken.

#### **TILTAK:**

- **VURDER Å INNFØRE BOKART I SAKSHANDSAMINGA I KOMMUNANE**

## **KOMMUNEVISE TILTAK**

### **LIKE TILTAK - TILRÅDDE TILTAK I ALLE ELLER FLEIRE AV KOMMUNANE**

#### **KOMMUNAL BUSTADPOLITIKK**

Ingen av kommunane i Hallingdal har ein overordna plan eller strategi for forvaltninga av den store bustadmassen dei eig. I Hallingdal sit kommunane på over 500 bustader (sjå oversynet over kommunale bustadar side 23). Bustadpolitikken bør takast opp på nytt og revurderast. Ein slik gjennomgang bør ta opp fleire punkt:

- *Tilrettelegging/planlegging*
  - Finst det tilstrekkeleg med utbyggingsklare tomter/bustadområder i kommunen?
  - Har kommunen vurdert å nytte utbyggingsavtaler i bustadpolitikken?
  - Kan kommunen gjere strategiske oppkjøp av grunn?
  - Handheving av buplikta i kommunen
- *Forvaltning*
  - Er det dei som treng det mest som bur i dei kommunale bustadene?
  - Er prisane for husværa riktige (gjengs husleie)? og er differensieringa rett?

#### **TILTAK:**

- **UTARBEIDE EIN STRATEGISK PLAN FOR BUSTADARBEIDET I KOMMUNEN**
- **UTARBEIDE REGLAR FOR TILDELING AV KOMMUNALE BUSTADER**
- **ETABLERE EI TVERRSEKTORIELL TILDELINGSGRUPPE I DEI KOMMUNANE DER DET IKKE FINNST**
- **AVGRENSA BUTID I DEI KOMMUNALE BUSTADENE**

#### **STATLEGE VERKEMIDDEL FRÅ HUSBANKEN**

Kommunane i Hallingdal nytter allereie mange av ordningane frå Husbanken. Tala varierer frå kommune til kommune, sjå utgreiinga i kapittel xx (side xx). Det kan allikevel vere eit potensiale for meir bruk i den einskilde kommunen. Informasjon og kompetanseoppbygging om ordningane er førd opp som eit fellestiltak, men gjennomføringa av desse tiltaka vil skje på kommunalt nivå. Her må ein sjå på kva for kommunalt organ som informerer og handsamar ordninga. Det å ta kontakt med sosialkontoret i kommunen, kan vere eit fortungt steg for enkelte vanskelegstilte.

## **Springbrett til bustadmarknaden**

**Lindås kommune har teke initiativ og tenkjer i nye baner for å hjelpe unge og vanskelegstilte å kome seg inn på bustadmarknaden.**

**Dei samarbeider med Lindås Tomteselskap AS, som skaffar tomt, byggjer bustadene og sel dei til sjølvkost.**

### **Føremål og målgruppe**

*I eit lyst augneblink blei konseptet "Springbrettbusader" klekt ut på rådhustrappa i Lindås kommune.*

*Føremålet med konseptet er å sikre målgruppa rimelege, nøkterne og sjølveigde bustader.*

*Målgruppa er unge i etablerfasen, einslege forsytarar, reetablerarar etter samlivsbrot og andre med etablerings-problem på bustadmarknaden.*

### **Deltakarar**

*Lindås kommune ved ordføraren er prosjekteigar. Husbanken og Lindås Tomteselskap AS deltek saman med kommunen i prosjektet.*

### **Tomt til sjølvkost**

*For å få lågast mogleg pris på bustadene har Lindås Tomteselskap AS stilt opp med tomt til sjølvkost og vil stå som utbyggjar i prosjektet. Den første tomta er klar på Ikenberg.*

*Differansen mellom sjølvkost og marknadsverdi blir gitt som eit rente- og avdragsfritt 3. prioritetslån. Bustadene kan finansierast med 80 % 1. prioritetslån i Husbanken eller kjøpar sin bank og det resterande med Startlån/tilskott.*

*Bustadene skal ikkje konkurrere med marknaden, men vere eit supplement. Blir bustaden seld før lånet er nedbetalt, kan kommunen be om at lånet blir innfridd. Dette blir vurdert i kvart einskilt høve.*

*Frå Husbanken sine heimesider*

Servicetorga i kvar kommune kan derfor vere eit betre alternativ. Frå og med vike fire i 2006 skal ein òg kunne søkje om bustønad direkte på internett ([www.altinn.no](http://www.altinn.no)).

Internett er ein viktig portal der mange finn informasjon. Informasjonen om ordningane på internetsidane til kommunane må vere lett synlege og oppdaterte, og dei kan gjerne vere lik for alle kommunane i regionen. Men ein må ikkje gløyme at heller ikkje i dag er internett tilgjengeleg og nyttig for alle. Skriftleg informasjon i form av brosjyrar og skriv, saman med munnleg informasjon frå dei som kjem i kontakt med moglege brukarar av dei ulike ordningane, er derfor fortsatt særsviktig.

### **BUSTØNAD**

Kvar kommune må sørge for at ordninga med bustønad vert gjort kjend ovanfor alle som ein trur kan gjere seg nyttig av ordninga med bustønad.

#### **TILTAK:**

**- GJERE ORDNINGA MED BUSTØNAD KJENT OG INFORMERE OM HO**

### **STARTLÅN**

Kvar kommune må sørge for at ordninga med startlån vert gjort kjend ovanfor alle som ein trur kan gjere seg nyttig av eit startlån til finansiering av eigen bustad.

#### **TILTAK:**

**- GJERE ORDNINGA MED STARTLÅN KJENT OG INFORMERE OM HO**

### **GRUNNLÅN**

Kvar kommune må sørge for at ordninga med grunnlån vert gjort kjend ovanfor alle som ein trur kan gjere seg nyttig av ordninga med ei slikt lån. Grunnlånet skal mellom anna fremme såkalla universell utforming slik at til dømes ein bustad skal kunne brukast av alle menneske utan at ein treng ekstra tilpassing eller spesiell utforming.

#### **TILTAK:**

**- GJERE ORDNINGA MED GRUNNLÅN KJENT OG INFORMERE OM HO**

### **BUSTADTILSKOT**

Kvar kommune må sørge for at ordninga med bustadtiskot vert gjort kjend ovanfor alle som ein trur kan gjere seg nyttig av ordninga med bustadtiskot.

#### **TILTAK:**

**- GJERE ORDNINGA MED BUSTAD-TILSKOTT KJENT OG INFORMERE OM HO**

### **SJØLBYGGARPROSJEKT**

Vestlandskommunen Lindås har teke initiativ og tenkjer i nye baner for å hjelpe unge og vanskelegstilte å kome seg inn på bustadmarknaden. Dei samarbeider med Lindås Tomteselskap AS, som skaffar tomt, byggjer bustadene og sel dei til sjølvkost. Konseptet har fått namnet "Springbrettbusader".

Differansen mellom sjølvkost og marknadsverdi blir gitt som eit rente- og avdragsfritt 3. prioritetslån. Bustadene kan finansierast med 80 % 1. prioritetslån i Husbanken eller kjøpar sin bank og det resterande med Startlån/tilskott.

#### **TILTAK:**

**- VURDERE OM DET ER MOGLEG Å SETTE I GANG EIT SJØLBYGGARPROSJEKT RETTA MOT VANSKELEGSTILTE MED RUS OG ELLER PSYKISKE PROBLEM**

## Bustadprosjekt i Meland kommune:

### Vil lønne seg

Meland kommune startet planleggingen av prosjektet i 2002. I utgangspunktet er det åpent for alle lokale innbyggere under 35 år som sliter med å komme seg inn på boligmarkedet - inkludert kriminelle og rusmisbrukere.

Ved egeninnsats og gunstige lån fra Husbanken og kommunen får deltakerne mulighet til å skaffe seg bolig. De som ikke er klar til å betjene et lån, får pusse opp kommunale leiligheter. Underveis kan de ta fagbrev som håndverkere.

Lensmann Einar Vatne mener at prosjektet på sikt vil være svært lønnsomt.

Saksa fra Bergens Tidene 4. nov. 2005

Ein annan vestlandskommune, Meland kommune, har gått langt i å hjelpe dei som har det svært vanskeleg med å skaffe seg eigen bustad. Personar i denne gruppa har ofte ein dobbel diagnose knytt til psykiatri og rus og nokre har eit kriminelt rulleblad. Meland kommune har satt i gang eit tiltak som både er behandling og rehabilitering, samstundes som dei det gjeld både får eigen bustad og yrkesfaring. Prosjektet er eit sjølbyggjarprosjekt for ungdom mellom 18 og 35 år.

### BUVEILEDNING

I fleire av kommunane har det kome fram at nokre av dei brukarane som tenesteapparatet har gitt eit tilbod, har liten eller ingen erfaring med å ta hand om eige husvære. Det kan vere fleire grunnar til dette. Det kan skyldast manglande kunnskap om ulike sider med ein moderne bustad. Dette kan til dømes gjelde for enkelte av overføringsflyktningane. Det kan også vere det ein samla kan kalle därleg buevne, noko som ein kan finne hos enkelte av dei med rusmiddelproblem eller psykiske problem. Ei anna gruppe er dei som får eller skal få høve til å etablere sin eigen heim for første gong og som manglar erfaring med dette. Det kan til dømes vere unge funksjonshemmede som bur i foreldreheimen eller på institusjon og som skal etablere seg i eigen bustad. Til dette trengs det buveiledning tilpassa den enkelte husstanden.

### TILTAK:

- ETABLERE EI ORDNING FOR TILPASSA BUVEILEDNING

## TILTAK I DEN EINSKILDE KOMMUNEN

### FLÅ KOMMUNE

Flå kommune har få vanskelegstilte, 8 stykkjar, og god tilgang på bustader. Fem av dei åtte kartlagde husstandane treng utbetring av bustaden dei har i dag, mellom anna tilpassing til fysiske funksjonshemmingar. Flå kommune har gjort vedtak om å endre maksimal stønad frå kr. 20 000,- i tilskot til utbetring til kr. 40 000 som er i samsvar med Husbankens retningslinjer for bustadtilstok som i dag gjev høve til å gje inntil kr. 40 000. Stønadsordningane frå Husbanken er elles godt kjente og mykje nyttå i Flå kommune.

### TILTAK:

- KLARGJERE OM DET ER MOGLEG Å FÅ BUSTADTILSKOT FOR Å UTBETRE FLEIRE BUSTADER

For tre av dei vanskelegstilte bustadene er det tilrådd ny bustad. Kommunen skal ha nok bustader samla sett. Det tyder på at det er mogleg å tilby nokre av dei tre ein ny bustad. Husleia set ein slik at maksimal bustøtte kan utbetalast.

### TILTAK:

- KOMMUNEN OMDISPONERAR NOKRE AV DEI BUSTADENE DEI HAR TIL VANSKELEGSTILTE

Flå kommune har i desember 2005 24 overføringsflyktningar til saman<sup>23</sup>. Desse kjem frå land med andre klimatilhøve enn Hallingdal og ein har observert unødvendig stor slitasje på enkelte av bustadene på grunn av høg temperatur og høg luftfuktigkeit. Eit avbøtande tiltak vil kunne vere å gi dei overføringsflyktningane som kjem rett til Flå ein grunnleggjande innføring i tekniske detaljer i norske husvære og bruken av desse; eit bukurs. Dette

vil vere eit kurs eller rettleiing som ikkje må forvekslast med oppfølging av vanskelegstilte med därleg buevne. Noko av dette er omtala i utkastet til mottaksplan for flyktninger i Flå kommune.

**TILTAK:**

- BETRE BRUKSRETTLEIING FOR DEI HUSVÆRA SOM VERT TILDELT OVERFØRINGSFLYKTNINGAR

**NES KOMMUNE**

I Nes kommune blei det kartlagd 23 vanskelegstilte husstandar, og nesten ingen av desse eig bustaden dei bur i. I tillegg var 8 av dei vanskelegstilte utan bustad.

Nes kommune har etter måten få eldre vanskelegstilte. Det kan tyde på at dei har eit godt utbygd tilbod til denne gruppa.

I ressurskartlegginga i kommunen kjem det fram at kommunen har for få bustader i det heile og serskild mindre bustader. Samansetning og bruken av dei bustadene kommunen disponerer, stadfester dette. Vi ser òg av materialet at mest ingen av dei som bur i kommunal bustad i Nes kommune vert rekna som vanskelegstilte på bustadmarknaden. Berre ein husstand mellom dei vanskelegstilte var busett i kommunal bustad.

Fire av dei husstandane uten bustad er rusmiddelmisbrukarar eller sosial tvanskelegstilte. Denne gruppa utgjer ein forholdsvis stor del av dei vanskelegstilte i kommunen; 11 av 23 husstandar. Nes kommune har utarbeid *Ruspolitisk handlingsplan & retningslinjer for Nes kommune 2004-2008*. Her tek ein sikte på å ”*Sikre botilbud til rusmiddelmisbrukere gjennom kommunale boliger (boliger for vanskeligstilte)*”.

**TILTAK:**

- KOMMUNEN OMDISPONERAR NOKRE AV BUSTADENE SINE TIL DEI VANSKELEGSTILTE

Nær ein tredjedel av dei vanskelegstilte i Nes kommune hadde sosialhjelp som einaste inntekt, og til saman har 14 husstandar inntekt under grensa for bustønad. Dei økonomiske tilhøva i fleire av husstandane gjer det derfor vanskeleg for desse å etablere seg på bustadmarknaden.

Kommunen har gjennom fleire år hatt eit tilbod til innbyggjarane om Startlån (sjå gjennomgangen av dei statlege verkemidla frå Husbanken, side xxx). I 2004 vart det satt opp 3 millionar kroner for videreforskrift av lån frå Husbanken<sup>24</sup> i kommunen. Dette utgjorde i 2004 80% av startlånmidla i Hallingdal. Startlån er behovsprøvd, men omfatter i hovudsak alle målgruppene for den bustadsosiale handlingsplanen. Ei begrensning ligg allikevel i at lånsøkjaren må dokumentere at dei framtidige inntektene til husstanden, medrekna eventuelle stønader, er tilstrekkelege til å greie renter og avdrag på lånet i tillegg til vanlege levekostnader. Allikevel skal kommunen ta ein ”kalkulert risiko” ved å tilby startlån til dei som normalt ikkje får bustadlån i ein vanleg bank, og dei kan gå langt i å bruke kreative løsningar i dette arbeidet.

**TILTAK:**

- AUKE TILBODET OM STARTLÅN TIL UNGE OG VANSKELEGSTILTE

I kommuneplanen for 2003-2014 har Nes kommune sagt at dei skal ta

initiativ til og legge til rette for etablering av ungdomsboliger. Gjennom eit burettslag med låge innskot kan ein gje dei unge eit tilbod om eigen bustad. Gjennom storleiken på innskotet og vedtekten må ein sikre seg at dei unge får ta del i verdiauken på bustaden slik at dei kan klare overgangen til ein ny bustad seinare i livet når ein til dømes stifter familie.

**TILTAK:**

- **KOMMUNEN TEK INITIATIV TIL AT DET VERT ETABLERT EIT BURETTSLAG FOR UNGE ELLER FINANISERINGSORDNINGAR FOR UNGE I LEILEGHEITER I EKSISTERANDE BURETTSLAG**

*Pleie- og omsorgsplanen 2004-2008* for Nes kommune legg opp til at det blir bygd 8 nye omsorgsbustader i perioden. Ikkje alle av dei som vart kartlagd som vanskelegstilte i Nes kommune, stetter krava til plass i omsorgsbustad, men nokre gjer det. Og sjøl om Nes kommune har den høgste delen av omsorgsboliger bygd med tilskot frå Husbanken<sup>25</sup> i Hallingdal, kan det vere rett å fortsette utbygginga slik som pleie- og omsorgsplanen legg opp til. Nye omsorgsbustader kan frigjere andre bustader som ved omdisponering kan nyttast til andre målgrupper.

**TILTAK:**

- **STØTTE OPP OM BYGGINGA AV NYE OMSORGSBUSTADER**
- **OMDISPONERE TRYGDEBUSTADENE I TIURVEGEN TIL ANDRE MÅLGRUPPER**

Til saman 8 husstandar er registrert utan bustad. Det vil si at dei bur privat eller er mellombels på institusjon. Sjøl om hjelpeapparatet i Nes rår til tiltak i eksisterande bustad for 3 av desse, bør ein ha som siktet mål å hjelpe alle dei 8 husstandane med til saman 15 personar; fire av desse er barn under 18 år. Nokre av desse husstandane vil kunne peike på § 4-5 om midlertidig husvære i sosialtenestelova og kreve at kommunen gjer dei midlertidig husvære.

**TILTAK:**

- **VURDERE BRUK AV ENKLERE BUSTADER TIL ENKELTE GRUPPER SOM KJEM INN UNDER § 4-5 OM MIDLERTIDIG HUSVÆRE I SOSIALTENESTELOVA**

**GOL KOMMUNE**

Særmerkt for Gol er det høge talet på husstandar med psykiatriske langtidspasientar og ein stor del unge vaksne mellom dei som kom med i kartlegginga. Gol har ikkje nok bustader til desse og treng 5-10 nye. Avdi dei fleste vanskelegstilte i Gol er einslege menn eller kvinner, treng kommunen fleire mindre leilegheiter. Dei fleste av desse bør vere lokalisert nær sentrum. Kommunen har utarbeid ein kommunedelplan for Gol tettstad og i samband med handsaminga av den i dei ulike organ, bør ein vurdere å sikre områder og tomter eigna for bustader for vanskelegstilte. Er det mogleg å bruke utbyggingsavtalar for å sikre denne samfunnsoppgåva?

**TILTAK:**

- **ETABLERE EIT BURETTSLAG FOR NOKRE AV MÅLGRUPPENE FOR HANDLINGSPLANEN INNAFOR AREALET FOR KOMMUNEDELPLANEN FOR GOL TETTSTAD**

Eit alternativ er å sette av plass til bustader i burettslag og så bruke "10-prosentsregelen". Gjeldanda burettslagslov gjev stat, fylkeskommune og kommune rett til å eige meir enn ein part i burettslaget. Ein part er det vanlege. Men i tillegg til det offentlege, kan òg andre som til dømes selskap, stifting eller andre som har inngått samarbeidsavtale med stat, fylkeskommune eller

komune om å skaffe bustader til vanskelegstilte, få hand om fleie partar.

*Psykiatrisplanen* i Gol, siste reviderte utgåve frå 22.10.02, peiker på at mange av dei med psykiske lidingar treng tilrettelagde bustader sjølv om dette ikkje treng å vere fysisk tilrettelagde bustader, men meir knytt til bemanning og tenester i heimen. Gol har ein del omsorgsbustader, men treng fleire.

**TILTAK:**

- **BYGGE FLEIRE OMSORGSBUSTADER**

*Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Gol kommune 2001-2004* tek opp dette med bustader for vanskelegstilte rusmisbrukarar og peiker på det ansvaret kommunen har etter sosialtenestelova, både §3-4, men òg etter §6-1. Etter §6-1 har kommunen eit ansvar for å gje rusmisbrukaren hjep i nærmiljøet. I planen tek ein til ordet for å bruke dei kommunale bustadene primært til dei som har størst problem med å etablere seg på det private bustadmarkedet.

**TILTAK:**

- **OMDISPONERING AV NOKRE AV DEI KOMMUNALE BUSTADENE SLIK AT FLEIRE BUSTADENE KJEM DEI VANSKELEGSTILTE TIL GODE**

I diskusjonen med ansatte i det kommunale hjelpeapparatet i Gol, blei det peikt på behov for opprusting og tilrettelegging av fellesareal for kommunale bustader. Mangelen på fellesareal, både inne og ute, blei sett på som eit stort problem. Fellesareal vil kunne motverke sosial isolasjon og det kommunale hjelpeapparatet ville kunne komme inn med tiltak og aktiviteter på ein enklare måte. Husbanken har midlar til bustadtilskot som skal kunne gjevast til kommunar til mellom anna utbetring av eigne utleigebustader<sup>26</sup>. Tilskotet er på opp til kr. 40 000,-, men ein må avklare med Husbanken om dette gjeld for kvar bustad i det som kan bli ein eining rundt eit fellesareal eller om tilskotet berre gjeld for det samla tiltaket.

**TILTAK:**

- **OPPARBEIDE FELLESAREAL UTE OG INNE FOR NOKRE AV DEI KOMMUNALE BUSTADENE DER DET ER HØVER UT FRÅ BYGNADMESSIGE OG TOMTEMESSIGE FORHOLD.**

#### HEMSEDAL KOMMUNE

Hemsedal har registrert 12 vanskelegstilte og for dei fleste rår ein til at dei får ny bustad. Det finnst og bustader som kan utbetras og tilpassast dei som bur der. Kommunen meiner elles at dei har nok kommunale bustader så utfordringa vert å sjå til at ein nyttar dei statlege verkemidla som bustønad og bustadtilskot fullt ut.

**TILTAK:**

- **SØKJE BUSTADTILSKOT TIL UTBETRING FOR DEI SOM DET ER AKTUELT FOR**

Hemsedal er ein av kommunane i Hallingdal der ein reknar med størst prosentvis auke i folketetalet. Denne auken og den sterke satsinga på turistnæringa gjer at det er rimeleg å tru at bustadmarknaden vil bli hardare og nålauge trongare for dei som vil inn på denne marknaden. For dei som frå før er mellom dei vanskelegstilte på bustadmarkanden, vil det kunne bli verre.

Tilgangen på midlertidige husvære, som kommunen etter sosialtestelova er pålagd å skaffe til dei som treng det, vil òg variera med sesongane. Kommunen bør halde på og utnytte den kommunale bustadmassen betre samstundes som

ein òg bør vurderer å bygge nokre nye omsorgsbustader eventuelt organisert som eit burettslag.

**TILTAK:**

- **BYGGE NYE OMSORGSBUSTADER**
- **SELGE GAMLE BUSTADER OG BYGGE NYE MEIR TILPASSA BUSTADER.**

Eit strategisk val vil vere å kvitte seg med gamle bustader for å bygge nye og fleksible bustader tilpassa fleire typer funksjonshemmingar. Samstundes vil ein kunne få ei betre samansetning av dei kommunale bustadene med tanke på storleik og lokalisering. Samlokalisering av den typen ein ser på Bråtenjordet, er ønskeleg.

**TILTAK:**

- **UTARBEIDE EIN HEILSKAPLEG STATEGI FOR FORVALTNINGA AV DEI KOMMUNALE BUSTADENE**

#### ÅL KOMMUNE

Det blei kartlagd 25 vanskelegstilte i Ål kommune. 10 av desse var under 35 år. Det blei ikkje registrert barn i desse husstandane som stort sett berre var einslege. Ål kommune har òg god tilgang på kommunale bustader. Allikevel finn ein i kommunen 25 husstandar som ein reknar som vanskelegstilte.

Kommunen etablerte på slutten av 80-talet stiftelsen "*Ungbo*". I mars 2005 gjekk kommunestyret inn for at stiftelsen skulle leggjast ned og bustadene selgjast. Er ikkje "*Ungbo*" avhenda bør kommunen vurdere å omgjere bustadene til eit vanleg burettslag og behalde nokre av leilegheitene til bruk for vanskelegstilte. Alternativt kan ein lage ein såkalle samlokalisert eining med bemanning. For 10 av dei vanskelegstilte i kommunen, har ein vurdert det slik at dei burde ha nye bustader i ein samlokalisert eining.

**TILTAK:**

- **OMGJERE STIFTELSEN "UNGBO" TIL BURETTSLAG ELLER SAMLOKALISERT EINING MED BEMANNING**

Samlokalisering av personar med til dømes rusmiddelproblem, har ofte vist seg å vere ei därleg løysing dersom det ikkje er bemanning til stades heile tida. Frå fleire hald er det blitt sagt at "*vi gjør så lite med bare hus*". Dette utsegnet blei understreka då Rana kommune i desember 2005 vann *Statens tiltakspris for bostedsløse - 2005*. Driftsutgiftane til eit bemanna tiltak vil ofte bli så store at dei ikkje kan gjennomførast, i alle fall i ein liten kommune. Samarbeid mellom to eller fleire nabokommunar kan derfor vere eit alternativ. Ål kommune bør vurdere å gje nokre av dei tyngste rusmisbrukarane eit tilbod saman med Gol eller Hol.

**TILTAK:**

- **OPPRETTE EIT BEMANNA BUSTADTILBOD TIL DEI SOM TRENG TILSYN OG HJELP SAMAN MED EIN ELLER FLEIRE AV NABOKOMMUNANE**

I Ål kommune bør ein òg vurdere om modellen frå Meland kommunen kan anvendast her. Det vil si at ein engasjerer nokre av dei som har vanskar på bustadmarknaden av di dei anten har rusmiddelproblem og/eller psykiske problem, til å delta i bygging eller renovering av eigen bustad.

**TILTAK:**

- **BYGGE NYE BUSTADER ELLER RENOVERE GAMLE SAMAN MED DEI SOM BUR**

## **ELLER SKAL BU DER**

Ål kommune vedtok i november 2005 ein plan for *psykisk helsearbeid* i perioden 2006-2008. Planen, som er ein rullering av ein tidlegare plan frå 1998, kjem fordi Stortinget har vedteke å forlenge opptrappingsplanen for psykisk helse fram til 2008. I den nye planen for Ål kommune, peiker ein på at dei øyremerkde midlane til kommunen kan nyttast til bustadtiltak, men det ligg ikkje føre konkrete forslag i planen om å bruke styrkingsmidlane på dette.

## **HOL KOMMUNE**

Hol kommune er den kommunen i Hallingdal som har færrest vanskelegstilte i høve til folketalet. Allikevel finn ein her 19 vanskelegstilte husstandar med til saman 27 personar; 4 av dei vanskelegstilte var barn under 18 år som budde heime hos føresatte. Til saman blei det registret 10 barn i dei vanskelegstilte husstandane under kartlegginga våren 2005. Nokre av dei vanskelegstilte husstandane har fått betre bustad så talet på barn som på hausten 2005 var råka av utilfredsstillande bustad, var lågare.

For nesten alle vanskelegstilte rår ein til at dei får hjelp i ny bustad; for berre to husstandar rår ein til tilpassing av bustaden og oppfølging frå hjelpeapparatet i eksisterande bustad.

Særmerkt for kommunen er det høge talet på vanskelegstilte som bur hos føresatte. Dette krev god planlegging frå kommunen for å kunne møte ein situasjon der dei må eller vil flytte for seg sjøl. Tilsamen rår ein til at over halparten av dei vanskelegstilte får ny bustad i samlokaliserte einingar med bemanning.

## **TILTAK:**

### **- DET ETABLERAST EIT SAMLOKALISERT TILBOD PÅ OMLAG 10 BUSTADER**

Flyktningar utgjorde 4 husstandar då kartlegginga av vanskelegstilte blei gjennomført tidleg i 2005. Her var det til saman 16 personar. Fleire av desse husstandane budde trøngt, men har seinare fått betre husvære.

Hol kommune har utarbeid ein plan for *psykisk helsearbeid* for 2006-2009. Her ser dei på styrking av butilbodet til mennesker med alvorlige psykiske lidingar som ei aktuell utfordring som krev auka ressurser. Sjøl om etaten meiner at ein til no har hatt eit variert og tilstrekkeleg tilbod i kommunen, peiker dei på at ein manglar ei samla vurdering av behovet for omsorgsbustader for dei ulike gruppene. I *økonomiplanen* for 2006-2009 peiker helse- og sosialetaten på at utbygging av omsorgsboliger på Geilo og ombygging av Geilotun er eit strategisk mål for planperioden.

## **TILTAK:**

### **- DET SETTES NED EI ARBEIDSGRUPPE I KOMMUNEN FOR Å VURDERE BEHOVET FOR OMSORGSBUSTADER FOR ULIKE MÅLGRUPPER OG Å GJENNOMGÅ RUTINANE FOR TILDELING AV BUSTAD**

Det er også sagt i planen for psykisk helse at det må være ei målsetting at unge funksjonshemmede som bur i omsorgsbustad får hjelp til å etablere seg i eigen bustad dersom dette er mogleg. Til dette trengs det buveiledning.

**TILTAK:**

- **ETABLERE EI ORDNING FOR BUVEILEDNING**

Hol kommune gjorde i september 2002 vedtak om å gjennomføre eit prosjekt med tilrettelegging av bustadar for ungdom. Ei arbeidsgruppe som var nedsatt tidlegare, rådde kommunen til å sette ned ei byggenemnd som skulle greie ut eit prosjekt "Ungbo" med 16 leilegheiter. Kommunen skulle eige 5 av husværa. Namnet "Ungbo" er ikkje nemnt i vedtaket i 2002, men den aktuelle eigendomen som var foreslått avsatt til prosjektet, er nevnt i vedtaket (Nye Havsdalsveien 25).

**TILTAK:**

- **UNGBOPROSJEKTET GJENNOMFØRAST**